

Argument for at aktiviteten ved Hjeltnes er meir berekraftig med både vgs og produksjonsskule:

Synergieffektar

- 1) Sterkare fagkompetansemiljø som vil styrka vaksenopplæringa og fagskuletilbodet og mogelegheitene for vekst innan alle tilboda, t.d. få inn 2+2 løp for gartnerar som er under utprøving.
- 2) Betre sosialt miljø for produksjonsskuleelevarane – dei har noko å strekka seg etter, fleire ungdomar å vera med, ungdomar som er interessert i praktisk yrke. Liten og oversiktleg skule der alle vert kjent med alle. Lett å knyta nye og positive relasjonar til andre ungdomar (internat)
- 3) Fleire elevar å dela fellesutgiftene til administrasjon
- 4) Lettare å få stabilitet innan fellesfagkompetansen, kan ha folk i fulle stillingar
- 5) Liten skule trengst for ein gruppe av elevar, særleg no når skulane vert større.
- 6) Små fag med eit tilbod i fylket (anleggsgartar og blomsterekorasjon) treng internattilbod som gjer det lettare å rekruttera frå heile fylket
- 7) Gjev internatdrifta meir berekraftig med fleire brukarar over heile året.
- 8) Hjeltnes har kapasitet til klasserom og verkstader til 4 klassar på vgs (48 elevar) og 3 -4 verkstader (36-48 elevar) på produksjonsskule + vaksenopplæring + fagskule (krevst investeringar til Nordisk gastronomi)
- 9) Fleire bein å stå på vil gje ei større og meir berekraftig skule.
- 10) Har større mulighet til seinare å oppretta nye tilbod på vgs, som Vg2 gartnerar i eit 2+2 løp (forsøksordning no på Gjennestad og Natur vgs i Oslo)

Kva gjer Hjeltnes til ein annleis skule som gjer at skuletrøyt ungdom kjem til noko anna enn det dei er trøyt av.

- Me har ein aktiv produksjon på garden
- Mange ulike yrkesgruppe – pedagogar og fagarbeidrarar
- Fleire vaksne som ser dei (kjøkkenpersonal, nattevakt og miljørarbeidarar på internat, fagarbeidar)
- Elevane jobbar i økter – halve og heile dagar, få enkelttimar
- Produksjonsskule verkstadene jobbar mest ute og går ikkje i det vanlege «inne skuemiljøet»
- Produksjonen for det meste knytt til Holmen og klasseromsundervisning til Hjeltnes
- Produksjonsskule og vgs kan verta om lag like store, mindre grunnlag for A og B lag

Kva er elevgrunnlaget til dei klassane me har no framover i tid:

Anleggsgartnerar:

- Fleire firma utanom Bergens området som etterspør lærlingar
- Mange små maskinentreprenørfirma som rekrutterer frå Vg2 anleggsgartnerar
- Næring i vekst
- God kombinasjon med fagskule Arborist og Hagedesign – fagmiljø dreg elevar

- Elevtalet er dobla dei 2 siste åra
- Fleire elevar frå distriktet dei siste åra
- Bør kunna auka tal elevar frå Sogn og Fjordane, ligg nære, har internat

Blomsterdekoratør:

- God søknad til vår skule samanlikna med resten av landet
- Elevane får læreplasser
- Elevane når langt reint fagleg fordi dei i periodar utnyttar tida etter skuletid i lag til fagleg arbeid - dette kan dei gjera fordi dei bur på plassen

Vg 1 naturbruk:

- Hardangerbrua knyt skulen nærmere til kommunane rundt, kan bu heime dersom busstilbodet vert tilrettelagt
- Har fått meir samarbeid med ungdomsskulane i regionen og dei kjenner meir til oss, felles besøksdag for 10. kl til vgs hausten 2014 gav oss 9 elevar, mot tidlegare ingen.
- Skulen har hatt mange i ordinær klasse som på andre store skular hadde hatt trond for særskild tilrettelagt klasse .
- Vg1 tilbod for dei som vil vidare på anleggsgartnar, næring i vekst

Trond for internat / hyblar

Har 45 elevrom på internatet, treng utvida kapasitet på internatet med 30-40 rom dersom både og + evt. hyblar til Nordisk gastronomi dersom det vert heiltidsstudie.

Alternativ:

- 1) Rehabilitera 2. etasje Gulebygget til 12- 16 rom + ta i bruk bustadhuis til hybelhus
- 2) Nytt hybelbygg i samarbeid med Ulvik bustadstifting eller Ulvik herad
- 3) Leige av rom utanom skulen; hytter Øydvinstod , Strand Hotel, Ulvik Fjordpensionat (mai-juni sesong vil kollidara)

Risikoanalyse i høve til vgs + produksjonsskule?

- Kva er utfordingane og korleis løyser ein dei